

Else Ragni Yttredal

I skjeringsfeltet mellom teori og praksis

Studieprogramevaluering – bachelorstudia
i sosialt arbeid ved Høgskulen i Volda

Delrapport



HØGSKULEN I VOLDA



**MØREFORSKING
VOLDA**

Prosjekttittel	Evaluering av studieprogram for barnevernspedagog- og sosionomstudiet
Prosjektansvarleg	Møreforskning Volda
Prosjektlei	Else Ragni Yttredal
Finansiering	Høgskulen i Volda
Ansvarleg utgjevar	Møreforskning Volda
ISSN	0805-8075
Distribusjon	http://www.moreforsk.no.htm http://www.hivolda.no/fou

Notatserien er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfattar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid.

INNHALDSLISTE

FORORD	4
SAMANDRAG OG KONKLUSJONAR	5
INNLEIING	8
<i>Nærare om datagrunnlaget</i>	9
OVERORDNA INNTRYKK	11
<i>Studentane er nøgde med mykje</i>	11
<i>Eit tett miljø</i>	11
<i>God tilpassing til studentkvardagen</i>	12
<i>Studiet oppfyller rammeplanen i høg grad</i>	12
<i>Kvifor i all verda til Volda?</i>	14
UNDERVISNING	15
<i>I skjeringsfeltet mellom teori og praksis</i>	15
<i>Vil ha klarare retningsliner for rettleiinga</i>	17
<i>Om forelesarar og forelesingar</i>	19
<i>Kvifor lågt oppmøte?</i>	20
<i>Bruk av Classfronter</i>	21
<i>Organisering av undervisninga</i>	21
<i>Nokre faginnspel</i>	22
FYSISK INFRASTRUKTUR, ADMINISTRASJON OG INFORMASJON	24
<i>Fysisk infrastruktur</i>	24
<i>Administrasjon og informasjon</i>	24
OPPTAK, STRYK OG FRÅFALL	27
<i>Aukande stryk- og fråfallsprosent</i>	27
<i>Studentmassen er i endring</i>	28
RÅD TIL INSTITUTT FOR SOSIALFAG	31
OM VIDARE KVALITETSSIKRING AV STUDIET	33
REFERANSELISTE	34
VEDLEGG 1: INTERVJUGUIDE FOR STUDENTAR OG TIDLEGARE STUDENTAR SOM ER YRKESAKTIVE	35
VEDLEGG 2: INTERVJUGUIDE SENSORAR	38
VEDLEGG 3: INTERVJUGUIDE PRAKSISRETTLIARAR	39

Forord

Takk til instituttleiarane ved Institutt for sosialfag Hallgerd Conradi og Anne Marie Verpe for oppdraget, god oppfølging og raske tilbakemeldingar.

Takk til studieadministrasjonen ved Institutt for sosialfag ved Håkon Bø for tilrettelegging av statistikk og kvalitetssikring og Gerd Skjong for hjelp med dokumentasjon og informantar.

Takk til studieadministrasjonen ved Sølvi Aam og Per Johan Ramsli for hjelp med informasjon om studentmassen.

Takk til Lars Jørgen Vik for samarbeidet om dei to rapportane og til referansegruppa ved Jon Olav Myklebust, Rune Kvalsund og Lars Jørgen Vik for kommentarar undervegs.

Takk også til Finn Ove Båtevik ved Møreforsking Volda som tok seg tid til å hjelpe til med utforming av prosjektet og intervjuguide, og til å lese gjennom rapporten.

Volda oktober 2008
Else Ragni Yttredal

Samandrag og konklusjonar

Denne delrapporten i evalueringa av bachelor i sosialt arbeid barnevernspedagog- og sosionomstudiet er i det store og heile basert på datamateriale henta inn gjennom 12 kvalitative intervju med åtte studentar og tidlegare studentar, to sensorar og to praksisrettleiarar. Den tek likevel også utgangspunkt i meir kvantitative datainnsamlingar og statistiske data frå studieadministrasjonen.

Litt om informantane:

- Studentane er frå kulla som var ferdige i 2006, 2007, 2008. I tillegg har vi vore i kontakt med to noverande studentar. Det er lik fordeling mellom barnevern- og sosionomstudentar.
- Det viste seg at alle studentane var såkalla ”aktive” studentar som møtte opp til undervisning. Det vart derfor også gjennomført eitt kontrollintervju med ein student vi på førehand visste hadde valt vekk noko av undervisninga.

Datamaterialet viser:

Overordna inntrykk

- Studentane er grunnleggande nøgde.
- Måla i rammeplanen vert i følgje studentane vi har vore i kontakt med i stor- eller nokon grad oppfylt.
- Tilrettelegging av undervisninga til ulike grupper (med barn, pendlarar osv.) fungerer greitt.
- Studentane set pris på det tette miljøet i Volda både mellom studentar og mellom studentar og tilsette.
- Data tyder ikkje på at studiet er spesielt godt kjent samanlikna med andre tilsvarende utdanningar.

Undervisning

- Dei største utfordringane for studiet ser ut til å liggje i skjeringsfeltet mellom teori og praksis. Det er eit sterkt ønskje om to praksisperiodar eller noko som tilsvarar praksis tidlegare i studiet. Studentane uttrykkjer i tillegg generelt behov for meir praksisretta forelesingar. Det er også ønskje om meir aktivisering av studentane i undervisninga.
- Både intervju og referat frå fagutvalsmøte viser at det gjennom mange år har vore uttrykt ønskje om klarare retningsliner for rettleiing for å sikre kvalitet og likebehandling. Dette er også formulert i eige skriv til fagutvalet.
- Dei fleste vi har vore i kontakt med uttalar seg positivt om forelesarane. Det vert likevel peika på varierende kvalitet. At det vert nytta eksempel i undervisninga vert sett på som svært positivt.
- Det har til tider vore dårleg oppmøte på undervisning. Datamaterialet kan ikkje seie noko sikkert om grunnen. Det indikerer på den andre sida at studentane møter opp dersom: 1. Dei føler dei får hjelp til trekke ut essensen av pensum og få oversikt. 2. Det er rom for god dialog mellom forelesar og studentar. 3. Ein får i gang diskusjonar mellom studentane i etterkant og 4. dersom studenten likar å lære gjennom å høyre, skrive og lese.
- Det er ønskje mellom fleire av informantane å gjere eit klarare skilje mellom sosionom og barnevern både for å skape større fagidentitet og å spisse faginnhaldet.

Fysisk infrastruktur, administrasjon og informasjon

- Av fysisk infrastruktur, er største behovet studentane ser utbetring av forelesingslokala.
- Nokre studentar er nøgde både med administrasjon og informasjon, medan andre meiner dette klart kan bli betre. Det er ikkje eintydige data som peikar på kva som er problemet.

Opptak, stryk og fråfall

- Alle årskulla har høgare stryk- og fråfallsprosent i 2008 samanlikna med 2004. Gjennomsnittleg strykprosent for alle årskull har auka frå 4 prosent i 2004 til 12 prosent i 2008. Gjennomsnittleg fråfall for alle årskull har auka frå 9 prosent i 2004 til 15 prosent i 2008.
- Det ser også ut til at stryk og fråfall varierer meir enn før frå år til år og mellom ulike årskull og fag no enn tidlegare.
- Studentmassen er i endring. Bachelorstudiet har gått frå å vere eit studium med opptakskrav til primæropptaket i underkant av 40 studiepoeng i 2004 til å vere eit ope studium.

Nokre råd

- Råd frå studentar, sensorar og rettleiarar til studiet dreier seg spesielt rundt fem tema: Kvalitet på rettleiing, fleire eksempel og meir aktivisering av studentar i undervisninga, meir og tidlegare praksis, betre informasjon, meir inndeling av klassa i barnevern og sosionom.

Eit kvalitetssikringssystem

- Det er i arbeidet med denne pilotundersøkinga avdekket moglegheiter for å byggje opp eit kontinuerleg kvalitetssikringssystem med svært små tilleggsmidlar. Dette dreier seg om moglegheiter for: 1. Betre bruk av kursevalueringar. 2. Betre bruk av Studdatamaterialet (evt. Nautilus). 3. Betre bruk av studentdata frå til dømes opptak. 4. Betre bruk av innspel frå fagutvalsmøta.

Ut frå datamaterialet kan det sjå ut til at desse tiltaka i størst grad vil betre Bachelorutdanninga i sosialt arbeid:

1. To praksisperiodar, ein tidleg og ein seint i studiet. Eventuelt ”praksisliknande arbeid” tidleg i studiet. I tillegg til å gi ei betre læring for studentane, kan dette truleg bidra til å hindre stryk og anna fråfall. Spesielt kan dette vere viktig når studentmassen vert svakare fagleg sett.
2. Betre systematisering og kvalitetssikring av rettleiing til studentane. Dette har vore grunnlag for frustrasjon i fleire kull.
3. Bruk av meir studentaktiviserande metodar og eksempel frå praksis i undervisninga. Bruk av case.
4. Skape klarare fagidentitet for barnevernspedagogar og sosionomar.

Av andre tiltak:

1. Betre informasjon. Kan betre samordning mellom fagleg og administrativt personale bidra til dette?
2. Utbetring av undervisningslokale.

Datamaterialet viser at bachelor i sosialt arbeid ikkje har ei eigentyngde. Med dette meiner vi at studiet ikkje trekkjer studentar til Volda fordi det er ei særst god utdanning eller fordi det har heilt spesielle tilbod. Kan det vere ei målsetjing å nå dit? Kva må då i tilfelle til?

Innleiing

Styret ved Høgskulen i Volda har gjort vedtak om at det skal gjerast studieprogramevaluering kvart femte år for studieprogram over 60 studiepoeng. Studieprogram for barnevernspedagog- og sosionomstudiet er trekt ut i ei form for pilotundersøking. Institutt for sosialfag kontakta Møreforskning for bistand til gjennomføring av evalueringa. Prosjektet er dels finansiert av instituttet dels av strategiske midlar frå høgskulen.

For å få best mogleg resultat har det vore føremålstenleg å dele oppgåver mellom Møreforskning og Institutt for sosialfag:

Institutt for sosialfag har hatt ansvaret for desse oppgåvene:

- Framstille resultat frå Nautilusundersøkinga.
- Framstille resultat frå Stud-data.
- Utarbeide ein rapport basert på dei to kjeldene over.

Møreforskning har hatt ansvaret for desse oppgåvene:

- Dokumentstudiar av tilgjengeleg datamateriale.
- Gjennomføring av om lag 12 djupneintervju av studentar, sensorar og praksisrettleiar på telefon.
- Utarbeiding av ein evalueringsrapport basert på dokumentstudium og djupneintervju.

Evalueringa av Sosionom- og barnevernspedagogstudiet er dermed todelt. Lars Jørgen Vik har stått for å analysere datamateriale frå Studdata og sjå nærare på data frå Nautilusprosjektet. Desse datamateriala er kvantitative i form. Data frå Studdata er presentert i ein eigen rapport: ”Korleis har og tar sosialarbeiderstudentane det? Ein analyse av Studdatamaterialet, fase 3.2. Studieprogramevaluering – bachelorstudia i sosialt arbeid”. Datamaterialet frå Nautilus vert berre nytta som referansegrunnlag for denne rapporten.

Arbeidet med denne delrapporten tek utgangspunkt i dei funna som er gjort i dei kvantitative undersøkingane. Rapporten er likevel hovudsakleg basert på kvalitative intervju med studentar, tidlegare studentar, sensorar og praksisrettleiarar.

Denne rapporten skal i første rekkje tene to herrar: Høgskulestyret og Institutt for sosialfag. Rapporten er meint å bidra til ein kunnskapsstatus for å utvikle tiltak som kan betre studiet. Utvalet av tema er gjort av omsyn til dette. I tillegg til innleiinga er rapporten delt inn i seks hovudkapittel. *Det første kapitlet*, tek føre seg overordna inntrykk av utdanninga: Kor nøgde studentane er, korleis dei trivst, indikasjonar på korleis studiet vert oppfatta i omgjevnadene og korleis studiet er tilpassa studentkvardagen. *Det andre kapitlet*, ”Undervisning”, går nærare inn på undervisninga og tek føre seg det som vert sett på som viktige tema i denne samanheng. Spesiell vekt vert lagt på forholdet mellom teori og praksis og på rettleiing. Dette har vist seg å vere gjennomgangstema både i intervju og i annan dokumentasjon. *Tredje kapittel*, ”Fysisk infrastruktur, administrasjon og informasjon”, ser nærare på kva syn studentane har på sine fysiske omgjevnader, administrasjon og informasjon. *Kapittel fire* skil seg frå dei tre første kapitla. Det er basert på ”hard facts” om opptakspoeng, stryk, fråfall og karakterar ved avslutta studium. *Kapittel fem* er i sin heilskap via råd frå studentar, sensorar og praksisrettleiarar til studiet. *Til slutt* i denne rapporten vert det reflektert kort over moglegheitene til å byggje opp eit kontinuerleg kvalitetssystem basert på erfaringane med denne evalueringa. *Eit samandrag og ein kort konklusjon er presentert først i rapporten.*

Nærare om datagrunnlaget

Informasjon frå ulike kjelder dannar grunnlag for denne del II av evalueringa:

Dokument og dokumentasjon

- Resultatmål allereie innhenta av Høgskulen i Volda, mellom anna fråfall, karakterar ved opptak og avslutning av studiet og strykprosent.
- Sensorrapportar for 2008
- Referat frå fagutvalsmøte haust 2003 – vår 2008
- Kursevalueringar
- Nærver ved studieevalueringa 2008.

Kvalitative intervju

- Intervju med åtte (9) studentar og tidlegare studentar
- Intervju med to sensorar
- Intervju med to praksisretteiarar

I tillegg tek, som nemnt i innleiinga, denne delen av evalueringa utgangspunkt i kvantitative data henta frå Nautilus – undersøkinga og Studdata.

Ramma for Møreforskning sitt oppdrag har vore om lag tre veker arbeid. Dette legg klare avgrensingar på kva som kunne gjerast. Det er derfor gjort nokre val:

Dokumentstudiar og dokumentasjon

Instituttet har lagt opp til at kvart enkelt kurs på studiet skal gjennomføre kursevaluering. Evalueringane er også samla inn og arkivert i studieadministrasjonen, men det viste seg at desse var svært forskjellige i form og til dels hadde svært forskjellig fokus. Det ville tatt for lang tid å systematisere dette til vårt formål. Desse er derfor berre gått overflatisk gjennom. I tillegg var vi til stades ved sluttevalueringa for kullet som gjekk ut 2008. Sensorrapportane frå 2008 er lest og informasjon derfrå vert nytta som tillegg til dei andre kjeldene.

Av tilgjengelege skriftlege kjelder er det berre fagutvalsreferata som er gjennomgått på ein systematisk måte. Tanken bak dette er at fagutvalsmøta speglar det studentane er opptekne av på eit meir overordna nivå. Vi har gått gjennom referata frå fagutvalsmøta frå haust 2003 til vår 2008. Spørsmål studentane har teke opp er grovt kategorisert i 15 kategoriar: "Sosiale spørsmål", "Forelesarar", "Pensum", "Fagutvalet", "Eksamen", "Studentane sjølve", "Innhald i undervisninga", "Classfronter", "Fysisk tilrettelegging", "Organisering av undervisninga", "Innlevering", "Informasjon", "Andre administrative saker", "Rettleiing" og "Diverse". Som nemnt over er inndelingane grove og grensene mellom kategoriane er ikkje strenge. Ei slik inndeling gir likevel ein indikasjon på kva studentane har vore opptekne av gjennom fleire år.

Resultatindikatorar som er innhenta (karakterar, fråfall osv.) er svært avgrensa og i sin heilskap nytta i eit eige kapittel. Det er grunn til å tru at det er mogleg å hente ut klart meir informasjon frå det som er samla inn av studieadministrasjonen. Trendar over tid, både når det gjeld søkjarar til studiet og avgangselevar, kan gi naudsynt informasjon om studentmassen. Kven er det til dømes som aldri fullfører? Kvifor ikkje? Korleis endrar studentmassen seg i forhold til karakterar? Spørsmål som dette har vi ikkje teke føre oss i denne evalueringa, men det ligg føre data som kan nyttast til slikt formål dersom det er ønskjeleg.

Intervju

Det er i undersøkinga gjennomført 12 (13) semistrukturerte kvalitative intervju på telefon med studentar, tidlegare studentar, sensorar og praksisrettleiarar.

Utvalet av informantar mellom studentane har vore:

- Ein sosionom og ein barnevernspedagog som avslutta studiet for 2 år sidan og som har arbeidd i yrka sidan.
- Ein sosionom og ein barnevernspedagog som avslutta studiet for 1 år sidan og som har arbeidd i yrka sidan.
- Ein sosionom og ein barnevernspedagog som avslutta studiet i 2008.
- Ein student på sosionomstudiet og ein på barnevernspedagogstudiet.
- I tillegg er eitt intervju med ein student frå 2008 – kullet nytta som kontrollintervju.

Utvalet av informantar er delvis koordinert med Institutt for sosialfag. Personane i utvalet varierer på bakgrunnsvariablar som kjønn og bustad, men fleire av informantane viste seg å vere svært aktive studentar. Det er ein klar overrepresentasjon av studentar som har vore tillitsvalde i fagutvalet og også, viste det seg i ettertid, som har vore svært aktive på forelesingar. For å bøte på det siste, har vi gjennomført eitt kontrollintervju med ein informant som vi på førehand visste hadde valt ikkje å delta på all undervisning. Dette intervjuet viste seg å stadfeste at dei sakene som kom fram i dei andre intervjuar også var relevante for studentar som hadde gjort andre val i studietida. Data frå kontrollintervjuet er i liten grad nytta direkte inn i rapporten med unntak av avsnittet om oppmøte på undervisning.

At våre informantar er og har vore aktive studentar vil prege datamaterialet. På den eine sida er det klart ein fordel å ha snakka med personar som er taleføre, som har reflektert over studiet og kjenner det godt. Det er grunn til å tru at fagutvalsmedlemmer er meir taleføre enn gjennomsnittet, at dei utmerkar seg i klassa og at dei også moglegvis har hatt noko høgare karakterar enn gjennomsnittet. Sidan dei har måtta målbera synspunkt på vegner av eit heilt kull av studentar vil representantar i fagutvalet i tillegg ha grunnlag for å snakke på vegner av fleire enn seg sjølve. På den andre sida er dette heilt klart eit skeivt utval som ikkje representerer breidda av studentmassen. Vi har truleg ikkje nådd tak i dei svakaste studentane og kan dermed ikkje snakke på vegner av desse.

I tillegg er to sensorar og to praksisrettleiarar intervjuar. Desse har forholdsvis lang erfaring frå arbeid med studentar frå Volda og også frå tilsvarende arbeid andre stader.

Overordna inntrykk

I dette kapittelet vil vi prøve å male fram eit overordna inntrykk av studiet ut frå ulike tema og frå ulike synsvinklar.

Studentane er nøgde med mykje

Studdatamaterialet viser at 55 prosent av sosialfagstudentane ved høgskulen i Volda kryssa av for dei to mest positive svaralternativa når dei vart spurde om kor nøgde dei er med utdanninga si. Berre ein høgskule med tilsvarande utdanning har høgare score (Vik 2008: 6).

Data frå Nautilus (NIFU Step 2007: 9) viser at 96 prosent av 1.-årsstudentane på sosialfag i 2007¹ meiner det er svært eller ganske sannsynleg at dei ville valt same studium dersom dei fekk velje ein gong til. Dette er noko høgare enn gjennomsnittet for alle studia som deltok i undersøkinga (89 prosent)². På den andre sida: Når dei same studentane vert spurde om dei ville valt same høgskule ein gong til svarar færre enn på dei andre høgskulane dei to mest positive svaralternativa (72 mot 85 prosent). Studdatamaterialet (Vik (2008):6) viser same tendensen for studentar i siste semester av utdanninga. Dette viser at dei aller fleste sosialfagstudentane er nøgde med faget sitt, men nokre, og fleire enn ved dei andre høgskulane, ville likevel ikkje gjort same valet av høgskule på nytt.

At studentane i stor grad er nøgde kjem også fram gjennom det dei seier i intervjuet. Det er vanskeleg for dei å finne fram til kva som burde vore retta på. Sitatet under er eit svar på kva informantene ser som sterke sider ved studiet, og kan illustrere korleis nokre av informantane opplevde det.

”Eg hadde i grunnen ei bra oppleving av det meste.”

Det var likevel slik at gjekk vi nærare inn i spørsmåla hadde informantane synspunkt på kva som kunne vore betre. Andre hadde klare oppfatningar heilt frå starten av intervjuet på kva som fungerte og ikkje. Ein av informantane var glad for å bli spurt om å vere med i undersøkinga fordi, som ho sa: *”Det har eg meiningar om.”*

Det kan sjå ut som dei eldste studentane og dei som har vore mest ute i relevant arbeid har mest å relatere studiet til og har dermed også flest innspel til kva som kan gjerast annleis. Ein av studentane som hadde mange innspel på kva som kunne gjerast betre, nytta likevel høvet i avslutninga av intervjuet til å presisere:

”Eg er stort sett veldig nøgd med studiet. I sum har det vore... bra.”

Eit tett miljø

Ein sensor seier dette om studiet:

¹ Data frå Nautilus (”Nasjonale undersøkingar om trivsel, innsats, læringsmiljø og undervisning blant studenter”) er basert på ei spørjeundersøking i klasserommet mellom 1. år sosionom- og barnevernspedagogstudentar. 93 personar møtte fram og alle svarte på skjemaet. Totalt tal registrerte førsteårsstudentar 2006 - 2007 var 112. Svarprosenten er dermed svært høg (83 prosent).

² Sju lærestadar deltok i Nautilus-undersøkinga 2007 med nokre av sine studieprogram: Universitetet i Oslo, NTNU, Det teologiske menighetsfakultetet (MF), Høgskolen i Nord-Trøndelag, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Volda og Høgskolen i Nesna.

”Eg har eit veldig godt inntrykk av studiet. Det var studentoppfølgande. Både fagpersonale og administrasjon er orientert mot studentane sitt ve og vel som eg synest er flott. Bemerkelsesverdig. Dei har eit sterkt forhold til studentane sine”

Dette inntrykket vert stadfesta av studentane:

”Føler meg, er tryggare på meg sjølv som person og tryggare på min kunnskap. Før gjorde eg noko berre for å gjere det. No gjer eg ting med ein baktanke. Miljøet på høgskulen har bidrege til det. Trur ikkje ein hadde opplevd ved høgskulen i Oslo at dei kunne namnet på studentane, åt lunsj saman med lærarane. Det gav sjølvtilit. Du kunne spørje om noko i klassen.”

Alle vi har vore i kontakt med seier også at dei treivst i miljøet. Av trivselsfremjande faktorar vert nemnt:

- Fadderveka
- Lagt opp til mykje samarbeid i studiet.
- Lite og tett miljø i Volda.
- Stor spreing i alder i studentgruppa.

Det siste vert også av nokre sett på som ei utfordring som høgskulen burde ha ei meir aktiv haldning til. Ein av informantane nemner også at det var lite kontakt med andre studium og at slik kontakt ville vore ein fordel.

God tilpassing til studentkvardagen

Sosionom- og barnevernspedagogutdanningane har ei elevmasse med forholdsvis høg gjennomsnittsalder. Gjennomsnittsalderen i Studdata – materialet ligg på 29,5 år (Vik 2008: 5). Data frå Nautilus (Nifu Step 2007:2) viser at av førsteårsstudentane 2006/2007 var 41 prosent gift eller sambuande og 26 prosent hadde born. Samstundes veit vi at ein god del av studentane er pendlarar. Spesielt det å ha born gjer studentane mindre fleksible i studiesituasjonen, og ein kan tenkje seg at alle forholda nemnt over gjer at fleire av studentane har behov for at undervisninga vert tilpassa deira kvardag.

Av dei vi intervjuar var både pendlarar, gifte, single, mødre og fedre. Ingen av desse følte at undervisninga ikkje var tilpassa deira behov. Det kom likevel fram i intervjuar at pendlarar i enkelte samanhengar hadde ytra ønske om intensive undervisningsdagar slik at dei kunne utnytte dagane betre. Ein gong er dette også teke opp i fagutvalsmøte³. At forelesingane ikkje startar før 9.15 er sett på som positivt for pendlargruppa.

Studiet oppfyller rammeplanen i høg grad

I følgje rammeplanen skal barnevernspedagog- og sosionomutdanninga nå følgjande kunnskapsmål⁴:

- Ha kunnskap om generelle forvaltningsprinsipp, kjenne aktuelle lover/forskrifter som

³ Fagutvalsmøte 26. oktober, 2005.

⁴ Formuleringane er henta frå Studieplan studieåret 2007-2008 for Bachelor i sosialt arbeid – barnevernspedagog og Bachelor i sosialt arbeid – sosionom ved Høgskulen i Volda

handlar om barn og unge og kunne utføre sakshandsaming som tek i vare brukarane/barn og unge sine behov og rettar.

- Ha kjennskap til hovudmål og verkemiddel i sosialpolitikken og barne- og ungdomspolitikken, kunne vurdere desse kritisk og kunne verke som premissleverandør for avgjerder i hjelpeapparatet og på det politiske nivået.
- Ha oversikt over hjelpeapparatet og kunne bruke det i arbeidet med å redusere sosiale problem/barn og unges sosiale problem i samarbeid med andre yrkesgrupper og brukarar/klientar.
- Kunne arbeide med menneske med ulike bakgrunn, og ha evne til yrkesutøving i fleirkulturelle kontekster.
- Ha kjennskap til andre aktuelle yrkesgrupper og kunne vurdere eigen og andres kompetanse og ha utvikla evne til tverrfagleg samarbeid
- Kunne delta i fagleg utviklingsarbeid, ta i bruk nye arbeidsmåtar på grunnlag av forskning og annan fagleg innovasjon og ha forståing for verdien av eigen personleg fagleg vidareutvikling.
- Kunne dokumentere, kvalitetsutvikle og evaluere arbeidet sitt.

I tillegg legg rammeplanen opp til særskilte kunnskapsmål for dei to utdanningane med spesiell vekt på planlegging og iverksetting av tiltak i samarbeid med brukarar.

Med bakgrunn i desse kunnskapsmåla vart det til intervju utvikla ei sjekklister for å få studentane sitt syn på korleis desse måla for studiet var tilfredstilte. Det skulle vise seg at alle studentane meinte at måla i rammeplanen var oppfylte i svært stor eller stor grad innafor dei fleste område slik tabellen under viser.

Tabellen viser svar på spørsmålet: I kva grad meiner du at sosialfagstudiet ved Høgskulen i Volda har bidrege til å utvikle følgjande kunnskapar og ferdigheiter hos deg: (1) I stor grad, (2) i nokon grad, (3) i liten grad, (4) ikkje i det heile, (-) veit ikkje. Respondentane er både noverande yrkesaktive og noverande studentar.

	1	2	3	4	5	6	7	8	Gj. Sn.
Kunnskapar om relevante forvaltningsprinsipp, lover og forskrifter.	2	2	2	1	1	3	2	2	1,9
Kunnskap om sosialpolitikk.	2	1	2	2	1	1	1	1	1,4
Kunnskap om barne- og ungdomspolitikken.	3	2	2	2	2	1	2	3	2,1
Kunnskapar om hjelpeapparatet og korleis nytte det.	2	3*	1	1	2	1	1	1	1,5
Kunnskap om korleis planleggje og organisere tiltak i samarbeid med og for brukarar.	3	1	2	3	1	2	1	1	1,8
Korleis forstå og arbeide med menneske som har anna bakgrunn enn deg sjølv.	1	2	1	1	3*	1	1	2	1,5
Evna til å kommunisere	2	1	1	2	3*	1	2	3	1,9
Evne til å dra nytte av andre yrkesgrupper og tverrfagleg samarbeid.	-	3*	2	2	1	2	1	2	1,9
Evna til å nytte ulike arbeidsmåtar og ta i bruk nye arbeidsmåtar.	3	2	2	2	2	2	2	2	2,1
Evna til å utvikle deg fagleg.	1	1	1	1	1	1	1	1	1

* Informanten grunnlag svaret 3 med at vedkommande hadde store kunnskapar om dette frå før.

Dette er sjølvsagt eit svært lite utval og som skildra tidlegare er utvalet på ingen måte representativt. Det er likevel verdt å merke seg at det overordna inntrykket er svært positivt. Studentane føler at dei i ”stor grad” eller ”nokon grad” har tilegna seg dei kunnskapane og dei ferdigheitene dei skulle i følge rammeplanen. Spesielt er det positivt at studentane i stor grad meiner dei har utvikla ”evna til å utvikle seg fagleg”. Dei har fått eit fagleg fundament å byggje vidare på. Ut frå tabellen over, kan det likevel sjå ut til at studiet er noko svakare på to område: Kunnskap om barne- og ungdomspolitikken og evna til å nytte og ta i bruk nye arbeidsmåtar. Dette vert på mange måtar stadfesta gjennom andre delar av intervjuet. Vi kjem nærare tilbake til dette i neste kapittel.

Kvifor i all verda til Volda?

Kvifor skal nokon velje å studere i Volda? Ein kunne ønskje seg at bachelor i sosialt arbeid ved Høgskulen i Volda var vidt kjend for å vere ein spesielt god utdanning. Dersom det var tilfelle ville Volda trekkje til seg studentar frå nær og fjern fordi studentane meinte at dei fekk noko ekstra gjennom å velje nettopp denne høgskulen og utdanninga.

Det er ikkje noko i datamaterialet som tyder på at dette er tilfelle. Tala frå Nautilus (Nifu Step 2008: 10) viser at studentane ved sosialfag og også for heile Høgskulen i Volda i større grad enn for studentane ved dei andre høgskulane vel lærestad fordi det ligg nært.

I vårt datamaterialet er det fleire spørsmål som kan seie noko rundt dette spørsmålet. Vi spurde om kvifor studenten valde å studere sosialfag i Volda og om og kva dei hadde høyrte om studiet før dei starta. Vi spurde også om utdanninga i Volda var kjend når vedkommande skulle til intervju etter at dei var ferdige med utdanninga.

Det kan sjå ut til at svara på det første spørsmålet over, stadfestar hovudintrykket frå dei kvantitative undersøkingane. Av våre informantar seier dei som bur nært Volda at dei valde Volda nettopp fordi det låg nært og dermed var eit praktisk val. Av informantane som bur lenger unna, var Volda førstevalget berre for ein av informantane. Ingen av våre informantar valde Volda på grunn av spesielle kvalitetar ved studiet. Det næraste vi kjem positivt omdømme er at Volda er kjent for tette band i eit lite miljø og at studiet er kjent for å vere ”gammaldags, men solid”. Praksis utanlands vert også trekt fram som svært positivt av to av informantane. Dette var med på å avgjere at den eine valde Volda i staden for Sogndal. Det er heller ingenting i svara til informantane ute i arbeid som tyder på at dei har fått jobben nettopp fordi dei har utdanning frå Volda.

Det kan altså sjå ut som sosionom- og barnevernspedagogutdanninga i Volda verken er spesielt kjent, eller har ei ”eigentyngde” som får studentar nettopp til å søkje dit.

Undervisning

I dette kapittelet vil vi gå nærare inn på kjernen i sosionom- og barnevernsstudiet – nemleg undervisninga. I våre intervju har vi sett på sterke og svake sider ved undervisninga generelt, men også bedt informantane om å utdjupe i forhold til 6 tema: Fagplan, praksis, lærarar, organisering, eksamen og rettleiing. Det siste er gjort i meir og mindre grad avhengig av intervjusituasjonen.

I skjeringsfeltet mellom teori og praksis

Det kan sjå ut til at den største utfordringa sosionom- og barnevernspedagogutdanninga har er koplinga mellom teori og praksis. Behovet for betre kopling mellom teori og praksis kjem til syne i nær sagt alle delar av datamaterialet. Det kjem fram både heilt eksplisitt, men også indirekte i det informantane seier knytt til andre emne. Vi skal sjå på korleis.

Studentane vil ha to praksisperiodar

Nesten alle våre informantar trekkjer fram heilt konkret at dei gjerne skulle hatt to praksisperiodar, eller i alle fall meir praksis tidlegare i studiet. Meir og tidlegare praksis har vore eit gjennomgangstema også i fagutvalsmøte. Hausten 2006 la studentane fram ei liste med underskrifter i fagutvalsmøte for å få til meir praksis i studiet.

Studentane saknar meir praksisnær læring

Informantane set pris på undervisning med gode eksempel frå arbeidslivet og der studentane vert aktiviserte. Dei vil gjerne ha meir case – retta undervisning der dei sjølve er aktive i å løyse reelle problem. Dei som har arbeidd ei stund, viser til at ei slik tilnærming gir verktøy til det praktiske arbeidet i yrkeslivet.

I eit intervju med ein student som ikkje eksplisitt var spesielt kritisk verken til undervisning, innhald i undervisninga eller organiseringa av den, kom problema rundt kopling mellom teori og praksis likevel fram i løpet av samtalen. Denne delen av samtalen tok utgangspunkt i spørsmålet om ho vurderte undervisninga annleis då ho var student enn det ho gjer no. Ho seier at ho sit med kunnskapar som kan vere vanskeleg å nytte i praksis og vert beden om å gi eit eksempel:

”For eksempel i vanskeleg samtale med born. Vi hadde ei bok om samtalar med born. Det er vanskeleg å starte. Eg tenkjer på kva var det dei sa. Eg prøver å byggje det inn i meg sjølv. Det er gjerne vanskelege emne og eg vert usikker sjølv. Kunne ønskje vi hadde hatt fleire øvingar enn vi hadde. At vi hadde prata i staden for å lese om vanskelege tema.”

Vi såg også i nest siste avsnitt i førre kapittel at informantane i noko mindre grad enn kva som var tilfelle for dei andre sjekkpunkta, seier at dei gjennom studiet har utvikla kunnskap om nye arbeidsmåtar og evna til å utvikle nye arbeidsmåtar.

Ein noko anna innfallsvinkel til dette er når ein av studentane som no er ute i relevant arbeid, vil ha mindre fokus på system og meir på reelle problem. Til dømes:

”Det var mange førelesingar om systemet, for eksempel om rusreforma, men ikkje om rusmisbrukaren eller rus som fenomen.”

Det vert også peika på at ein del av dei faste forelesarane ikkje har vore ute i feltet og at

dersom dei har vore det, er det for lenge sida.

”Eg ser heilt klart at for mange av dei faste har fjerna seg for mykje frå verklegheita. Dei burde ut og hospitere.”

Dei to første åra er tunge

Behovet for meir praksisnær undervisning kjem også til uttrykk på meir subtile måtar. Ein av studentane fortel om korleis ho syntest 3. semesteret var svært tøft på grunn av det ho kallar ”alt det teoretiske på skulen.” Ho fortel om korleis ho nærast gjekk inn i ein slags depresjon og ikkje såg poenget med studiet. Ho seier seinare i intervjuet:

”Eg synest at det vart mykje betre på slutten. Dei fleste lærarane har vore innanfor barnevernet. Dei kom med eksempel knytt opp til det. Første året var teoretisk. Såg ikkje kva man skulle nytte det til. Det vart snakka mykje om heilskaplegheit, men det er vanskeleg...”

I avgangsstudentane si evaluering av studiet 24. juni i år, vart det påpeika både at vitskapsteorien kjem tidleg og at forståinga av kva sosialt arbeid er tok lang tid.

Sensorane og praksisrettleiar saknar koplinga mellom teori og praksis

Forståinga av teori knytt til praksis er også eit av tema sensorane tek opp knytt til bacheloroppgåvene. Når vedkomande vert beden om å gi eitt råd til utdanninga i Volda, uttrykkjer vedkomande:

”Den generelle utfordringa er koplinga mellom teori og praksis. Det å få studentane på ein betre måte til å reflektere inn teoretiske perspektiv i praksisoverveingar. Stadig utfordring å få studentane til å utvikle profesjonalitet i å anvende teori.”

Den andre sensoren seier:

”Våre studentar har sterkare tilknytning til yrkesfeltet enn studentane i Volda. Bacheloroppgåvene (ved Høgskulen i Volda) kan vere teoretiske metaperspektiv som ikkje knyter seg til yrkesfeltet.”

Sensoren sitert sist påpeiker at studentane i Volda er flinke å drøfte teoretiske perspektiv og reknar med at undervisning og rettleiing er betre knytt til dette. Vedkomande gir dette rådet til utdanninga:

”Eg meiner at dei burde revurdere og ta opp til diskusjon om ikkje dei burde ha to praksisperiodar. I nesten alle undersøkingar så seier studentar at dei lærer meir av desse.”

Dei to første uttalane er dermed spesielt knytt til bacheloroppgåva og akademisk motivert. Den siste meir generelt knytt til studiet. Det kan likevel synest som om dette er to sider av same sak.

På direkte spørsmål til ein av praksisrettleiarane om kva ho synest om ein eller to praksisperiodar svarar ho at ho ikkje ”fattar” at utdanningane har gått vekk frå to praksisperiodar. Ho peikar på at den første praksisperioden ikkje nødvendigvis behøver å vere eit langt opphald og meiner det er naudsynt å vere direkte involvert for å lære. Den same praksisrettleiaren ser ikkje hindringar for å ta imot studentar i to periodar på sin institusjon.

Studentane er svært nøgde med praksis

Vi har ikkje støtt på nokon som meiner at det ikkje skal vere praksis på 3. året og studentane verkar svært nøgde med praksis. Samanlikna med andre tilsvarande studiar er studentane meir nøgde med alt frå rettleiing til meistring i praksisperioden (Vik 2008: 14) Isolert sett er det naturleg å tolke det slik at Volda har eit unikt opplegg knytt til praksis og at dette gjer at studentane er spesielt nøgde.

Med utgangspunkt i funn frå våre kvalitative intervju er det meir nærliggande å tolke det slik at elevane har følt seg svært fjerne frå praksis og at dei derfor vert spesielt nøgde når dei endeleg kjem ut og får nytta det dei kan. I vårt datamateriale seier fleire av informantane at det er svært nyttig å ha med seg det teoretiske grunnlaget når dei først kjem ut i praksis. Dei seier også at dette verkeleg vert ei aha-oppleving. Dei same personane peiker likevel på at dei to første åra kan vere svært tunge når dei har lite å relatere den teoretiske kunnskapen til, og ønskjer å få meir praktisk retta kunnskap på eit tidlegare tidspunkt. Å få dette til er ei utfordring for studieprogrammet.

”Når eg kom ut i praksis var det heilt innlysande at vi måtte ha den teoretiske ballasten.”

Vil ha klarare retningsliner for rettleiinga

På Fagutvalsmøte 27. april, 2005 vart det lagt fram eit notat frå studentane i 2. år barnevern/sosionom 2005 om rettleiinga ved instituttet. Notatet innleiar med:

”Studentane i klassen har lenge signalisert behov for klarare og meir eintydige retningsliner når det gjeld rettleiingsrutinar under arbeid med og etter innlevering av skriftlege arbeidskrav...”

Målet vårt er primært å sette søkjelys på det vi opplever ikkje fungerer og få til ein dialog med instituttet omkring dette. Det må tilføyast at fleire studentar er nøgde med den rettleiinga dei får. Vi opplever det har skjedd ei positiv utvikling sidan vi starta her hausten 2003, denne ynskjer vi å vere med på å vidareføre og vil kome med nokre konkrete forslag til forbetringar.”

I notatet går studentane vidare med innspel knytt til fire punkt:

- Organisering av rettleiing – tildeling av rettleiar samtidig med utdeling av oppgåvetekst samt både munnleg og skriftleg tilbakemelding.
- Om responsgrupper – Meir informasjon om korleis få til ei god responsgruppe.
- Kva kan vi forvente av rettleiar – større standardisering av tidsbruk, skriftlege tilbakemeldingar.
- Generell kommentar – studentane oppfattar at forslaget til retningsliner gir stort rom for skjønn og dermed også urettferdige rettleiingssituasjonar. Det vert også peika på at rettleiar ikkje nødvendigvis er lett tilgjengelig.

I intervju med ein av studentane i dette kullet, sa ho at dei såg lite att av dette initiativet. Det er ingen tvil om at rettleiing er eit viktig tema for studentane også etter 2005. Intervjua viser at fleire er nøgde med rettleiinga si, men dei stadfestar også at rettleiing har vore tema for fleire årskull. Av saker i fagutvalsmøta er det rettleiing som har tredje flest registreringar etter ”Informasjon” og ”Organisering av undervisninga”. Liste over tema under kategorien

”rettleiing” er vist i tabellen under.

Fagutvalsmøte som har behandla tema rettleiing i perioden haust 2003 – vår 2008	
08.des.04	1. og 2. år: Frustrasjon over store forskjeller i veiledning i forbindelse med oppgavene. Tid og gjennomføring.
02.feb.05	2. år: Veiledning prosjektpraksis.
27.apr.05	2. og 3. år: Rettleiing. Notat frå tillitsvalde i 2. klasse. Standard på tilbakemeldingar. Notatet skal vurderast.
29.sep.05	3. klasse: Hvor mye tid er satt av for veiledning fra lærer under praksisperioden?
26.okt.05	Veiledning: Praksis (og generelt?). Uklarheter om rammer osv.
30.nov.05	1. år: Hvorfor er det ikke veiledning i skriveuka?
30.nov.05	2. år: Veiledning i prosjektpraksis: En av gruppene har enda ikke fått kontakt med veileder eller respons på mail. Uforberedte veiledere.
15.feb.06	Informasjon rundt utdanningssamtale, frammøteplikt, APA.
15.03.2006	2. år: Behov for utdanningsveiledning.
15.03.2006	Ønske om retningslinjer for tilbakemelding på arbeidskrav.
26.apr.06	1. år: Ønsker mer konkrete tilbakemeldinger i veiledning. Ikke bare godkjent eller ikke godkjent.
01.des.06	Vanskelig å få kontakt med lærer når ute i praksis. Dette gjelder ikke bare studentene.
07.feb.07	1. år: Veiledning. Ønske om mer samkjøring av veiledning. Opplever at veilederne er svært ulike og ikke enige om hvordan oppgaver skal skrives og struktureres. (Instituttet har vurderingskriterier.)
07.feb.07	1. år: Vil gjerne ha veileder etter emne/fag. Ikke mulig.
21.mai.07	Studenter ønsker mer konstruktiv og konkret tilbakemelding på sine oppgaver tidlig.
24.04.2008	2. år: Undervisningen rundt responsinnlegg burde være bedre. Dette er et arbeidskrav. Obligatoriske responssminaret kunne vært disponert annerledes. Manglende tilbakemeldinger på aktivitetsoppgaven.
24.04.2008	Stor forskjell på veiledere og hvordan de vil at oppgaver skal og ikke skal skrives. Alt fra oppsett til kildehenvisninger. Ønsker mal om oppgaveskriving og kildehenvisning.

Studentane etterlyser samkjøring både på form, omfang og kva kvar enkelt rettleiar legg til grunn for si vurdering.

Ein av sensorane kom også innom dette temaet på ein noko anna måte. Sensoren har hovudsakleg erfaring frå å sensurere bacheloroppgåver og synest det kan vere store skilnader i korleis ”praktikarar” og ”teoretikarar” på instituttet bedømmer oppgåver.

Det er også ei anna side ved dette. Ein av studentane seier det var svært tungt å gå eit heilt år i første klasse utan å vite om det ho presterte var ein F eller ein A. Grunnen til dette var at ho i heile det første året ikkje hadde individuelle oppgåver med karakterar.

Om forelesarar og forelesingar

Dei fleste vi har vore i kontakt med uttalar seg positivt om forelesarane. Data frå Studdata viser også at lærarane ved høgskulen i Volda fungerer godt samanlikna med gjennomsnittet for dei andre høgskulane med sosialfagutdanning (Vik 2008: 9-12). I referata frå fagutvalsmøta er heller ikkje kvalitet på forelesingar noko ”heitt” tema.

Fire av åtte studentar trekker fram gode forelesarar som den viktigaste styrken ved studiet. Ein seier:

”Må være veldig bra forelesarar stort sett. Dei fleste er ganske bra. Det gjer at undervisninga vert bra. Det er det viktigaste. Dei klarer å skape interesse og motivasjon.”

Det vert i fleire samanhengar, slik vi også har sett tidlegare, peika på dei tette forholda ved høgskulen. I evalueringsmøte 2008 vart det påpeika at lærarane var engasjerte, interesserte og at dei tek seg tid.

Det er likevel fleire av informantane som seier at det er varierende kvalitet på undervisninga. To av dei fire studentane nemnt over svarar også ”forelesarane” når dei vert spurde om kva som er dei svake sidene ved studiet. Ein av dei seier:

”Ein del forelesarar som er utdaterte. Veit lite om feltet. Lite opne for nye metodar i undervisning.”

Synspunkta under går då også att når forelesarar og forelesingar er tema:

- Forelesingar nærare knytt til praksis.
- Meir involverande undervisning.

Dette er tema vi gjekk inn på i avsnittet om forholdet mellom teori og praksis. Det vil også kome fram i neste avsnitt, og vi skal ikkje gå vidare med dette her. Vi vil trekkje fram nokre få poeng av ein litt annan art:

Rollespel vert av ein av studentane trekt fram som svært positivt, trass i det ho kallar ”sterk motstand” i byrjinga. Ho meiner denne forma for læring har ført til at ho både har gått gjennom situasjonar og at ho har kunnskap om å nytte rollespel som metode.

Nokre av studentane seier at forelesarane som var leigd inn fungerte godt fordi dei gjerne hadde tettare kontakt med praksisfeltet, men ikkje alle er einige i dette. Ein student meiner at forelesarane som er leigde inn er litt for usikre.

Det vert også i ulike samanhengar peika på at same tema vert teke opp fleire dagar på rad, altså dårleg koordinering av tema for undervisninga. I evalueringsmøtet 2008 vart det også peika på at det i periodar var for mange forelesingar.

Kvifor lågt oppmøte?

Manglande oppmøte på undervisning har vore tema gjennom fleire år. Dette er spesielt betenkeleg sidan sosialfag er eit profesjonsstudium. Av fagutvalsreferata går det fram at både instituttet og studentane har prøvd gjennom fleire år å finne ut av grunnen til at studentane ikkje møter opp. Studentar i fagutvalet har til dømes sendt ut e-post til alle dei andre med spørsmål om kvifor dei ikkje møter på undervisning – utan å få eit einaste svar. Manglande oppmøte har bekymra dei tilsette på instituttet over lengre tid.

Vårt utval er skeivt når det gjeld oppmøte. Når intervjuar var gjennomførte viste seg at alle i utvalet så godt som alltid møtte opp til undervisning. Dei kunne dermed ikkje gi nærare opplysningar om kvifor dei sjølve ikkje møtte opp. Det dei kunne var derimot å seie kvifor dei valde å vere til stades på undervisninga. Det ser ut til at det er fire hovudgrunnar:

- Trekke ut essensen av pensum og få oversikt.
- Ein lærer av dialog mellom forelesar og studentar.
- Forelesingane får i gang diskusjonar mellom studentane også i etterkant.
- Bra å lære munnleg: høyre, skrive, lese.

Studentane vi var i kontakt med var stort sett nøgde med eigne karakterar, og meinte at dette i stor grad hadde samanheng med at dei hadde delteke på undervisning og elles hadde vist stor innsats.

Ein student i ei klasse som hadde stort fråvær i slutten av 2. klasse vart spurt om kvifor ”dei andre” ikkje stilte opp. Studenten anslo at 6-7 personar møtte opp i enkelte høve og svarte slik:

”Det var 2. året med mye teori. Eg trur folk sat heime og leste for å kome gjennom pensum. Kor mange var de? Starta med 50, så minska til 40. Ante ikkje til einkvar tid kor mange vi var. 70 var uteksaminerte på barnevern og sosionom.”

Kva kan vi lese ut av dette? Når 6-7 personar stiller opp på forelesing betyr det anten at studentane ikkje bryr seg, at dei har mykje anna å gjere eller at svært få føler dei får fordelar av dette samanlikna med å lese og arbeide i eigne grupper.

Vi kan velje å tru på det første. Vi skal ikkje sjå vekk i frå at studentane vel minste motstands veg. Det er også ”andre tider” der unge menneske i større grad etterspør underhaldning. Dette kan i nokon grad vere ei forklaring.

Eit så lite oppmøte som skissert over kan vanskeleg forklarast med at studentane arbeider for mykje ved sidan av studiet. I følgje Nautilusundersøkinga har berre 37 prosent av studentane lønna arbeid ved sidan av. Då har over 60 prosent av studentane berre studiet å halde seg til. Gjennomsnittleg arbeidstid for desse studentane var 10 timar i veka (Nifu Step 2007:14).

Dersom det systematisk er svært lite oppmøte, kan vi rekne med at ein del av studentane gjer rasjonelle val. Som nemnt i innleiinga gjennomførte vi eit kontrollintervju med ein informant

som vi på førehand visste hadde valt å ikkje møte opp på delar av undervisninga. Hans grunngeving for dette var at han i tredje klasse vart meir selektiv og valde vekk undervisning han meinte hadde for dårleg ”kvalitet”. Då han vart spurd om kva ”kvalitet” innebar nemnde han stikkord som ”fange interessa til studentane”, ”godt førebudd”, ”kvalitet på framlegging”, og ”sitter igjen med noko etter forelesingane”, men det var ikkje lett å få fram heilt konkret kva kvalitet innebar.

Ein annan student meinte at det var dårlegast frammøte i forelesingar der det ikkje var rom for diskusjon. Den same studenten var svært oppteken av at undervisninga måtte vere relatert til den kvardagen studentane skal inn i:

”Positivt, slik vi hadde i forhold til psykiatri, siste året. Underviste case, så ble vi delt inn. Skulle gå inn og sjå kva som feila, forholdet til behandling, så gjekk vi gjennom det etterpå. Ser når eg jobbar i psykiatritenesta at det er ein smart måte å lære på. Eg har henta opp igjen mange ting. Han stod ikkje berre der og messa sjølv om det var vanskeleg stoff.”

Ein annan av informantane seier dette:

”Dersom eg skulle lagt opp studiet skulle det meir vore i seminarform og meir personleg rettleiing og oppfølging undervegs i studiet. Egnethetsvurdering undervegs til studentane.”

Vi ser dermed ein mogleg samanheng mellom lite aktiviserande og praksisnære læringsmetodar og manglande oppmøte. Vi har likevel ikkje data som kan gjere oss sikre på at det er ein slik samanheng.

Instituttet har no svart på manglande oppmøte frå studentane si side ved å innføre obligatorisk undervisning i alle fag på alle årstrinn. Det gjer det ikkje mindre viktig å ha god undervisning. Når studentmassen no vert svakare fagleg, som vi skal sjå i eit seinare kapittel, er denne tilpassinga truleg endå viktigare.

Bruk av Classfronter

Eit tema både for studentar og forelesarar har vore utlegging av forelesingar på Classfronter før forelesinga. Nokre av forelesarane vegrar seg mot dette og meiner det fører til at enkelte av studentane ikkje møter opp. Dei fleste av studentane ser det som ein fordel å ha notatane klare før forelesinga. Dette har også vore tema i fleire fagutvalsmøte. Berre ein av studentane i vårt utval meiner heile powerpoint – tradisjonen og utlegging av forelesingsnotatar er passiviserande. Ingen av informantane kan klart sjå at slik utlegging fører til at studentane ikkje møter opp på forelesing.

Organisering av undervisninga

Vi har, alt sett under eitt, fått få innspel knytt til organisering av undervisninga. Fleire av informantane, både studentar og sensorar, ser på samkøyringa mellom barnevern og sosionomstudiet som ei utfordring. Dei peikar på at ei slik samkøyring skaper svakare identitet både fagleg og sosialt. Dette kjem også fram under kapittelet med råd til instituttet.

Fleire av studentane nemner dessutan at det hadde vore ein fordel dersom eksamen var delt opp i fleire mindre i forhold til å ha heilårseksamen. Ein av studentane uttrykkjer det slik:

”Eg følte det var overveldande. Alt ein skulle lese. Klarte ikkje finne ut kva som var viktig...”

Ein annan student meiner det er svært positivt at studieplanen er delt opp etter emne, og ikkje etter fag. Ho meiner dette er med å skape eit heilskapeleg perspektiv på faget.

Kategorien ”Organisering av undervisning” knytt til tema i fagutvalsmøta er lista opp under. Mange tema er knytt til praksis, som er behandla i eit avsnitt tidlegare. Det ser elles ikkje ut til å vere noko tema som går igjen over fleire år.

Fagutvalsmøte som har behandla tema ”Organisering av undervisning” i perioden haust 2003 – vår 2008	
20.jan.04	Ønskje om meir klassesdelt undervisning.
20.jan.04	Obligatorisk undervisning i studentuka.
23.feb.04	Studentane ber om å få sette saman gruppe sjølve.
02.feb.05	3. år: Problem at praksisplassene er opptatt av handling, mens skolen er opptatt av læring. Bør være felles evaluering for alle etter endt praksis.
27.apr.05	3. år: Bevisstgjøring av mål for praksisdelen av studiet, evaluering av praksis, forberedelsesperioden.
27.apr.05	3. år: Diskusjonsgrupper. Bruke dette mer i undervisninga.
26.okt.05	1. år: Samling av undervisning i 1-2 dager. Spesielt pendlere som var opptatt av dette.
26.apr.06	2. år: Vil ha evalueringsskjema for faglig utbytte av en tur. Gjensidighet understrekes: Oppmøte.
23.okt.06	1. år: Praksis også tidligere enn 5. semester?
01.des.06	1. år: La fram forslag om mer praksis i studiet. Underskriftskampanje om dette.
07.feb.07	1. år: Skulle ønske seg mer teori før arbeidskravet og heller dramaundervisning seinere i studieåret.
07.feb.07	Ønske om AA – studie.
21.mai.07	1. år: Ønsker ikke prosjektpraksis så tett opp mot eksamen. Dramauken kunne kommet senere.
21.mai.07	2. år: Ønsker eksamen til jul. Grunnet omfanget av faglitteraturen. Vil gjøre at man starter leseprosessen tidligere.
17.okt.07	Kriteriene som er satt ifra instituttet sin side når det kommer besvarelser av eksamensoppgaver og andre arbeidskrav blir ikke fulgt. For eksempel antall svar på oppgaver.
17.okt.07	1. år: PBL for lang. Burde komprimeres. Manglende informasjon om at hver enkelt skulle levere på Fronter.
19.feb.08	Prosjektpraksis i 3. semester istedenfor i 2.
19.feb.08	3. år: Klage på praksis. For mye med 2 innleveringer både før og etter jul.
24.apr. 08	Informasjon og diskusjon rundt innføring av obligatorisk undervisning 2008-2009.

Nokre faginnspel

I intervjuet vart dei som er ute i arbeid spurde kva som er viktige kunnskapar og ferdigheiter for å utøve deira yrke. Dei vart også spurde korleis og i kva grad studiet ved Høgskulen i Volda hadde gitt dei desse kunnskapane og ferdigheitene. Fleire nemner at det å sette seg inn i andre sin situasjon og reflektere over dette er viktige kunnskapar dei føler dei har fått med seg. Nokre av informantane trekkjer også fram at dei på mange måtar har utvikla seg personleg gjennom studiet.

Av innspel knytt til konkrete faglege spørsmål, var det ikkje eintydig svar. Vi har likevel under lista opp nokre av innspela som kom:

- Undervisninga går i detalj på Sosialtenestelova og Forvaltningslov. Det er nesten ikkje noko på Folketrygdlova, medan det er den NAV – kontora arbeider etter. Informanten meinte at høgskulen i Volda har ei stor utfordring no som sosialkontora forsvinn. Utdanninga må dermed endre fokus.
- Lite barnefagleg innhald på begge studia.
- For lite om nokre dagsaktuelle tema som vald i nære relasjonar, barn utsett for vold, internasjonalisering (innvandring). Til dømes: Det er no fri flyt av arbeidskraft. Kva skjer når til dømes innvandrarar kjem ut i kommunane.
- Litt for lite jus, det er viktig å gjere det tydelegare at denne kunnskapen er viktig når du kjem ut i arbeidslivet. Det held ikkje berre å kunne slå opp i bøkene.
- Synleggjere formålet med å lære (ulike emne) tidleg i undervisningforløpet.
- Meir om rettleiing som arbeidsform. Den tette dialogen er viktig ute i arbeidslivet.
- Meir referat og journalskriving i praksis.
- Hjelp til å bli kjent med ulike dataprogram som vert nytta ute i praksis.
- Treng meir praktiske ferdigheiter. Til dømes korleis sysselsette små ungar med teikning, forming eller anna for å kome i dialog.
- Meir tverrfagleg arbeid. Til dømes meir undervisning felles med fysioterapeutar, sjukepleiar osv. Hospitering kan også vere ein moglegheit.

Fysisk infrastruktur, administrasjon og informasjon

Fysisk infrastruktur

Nautilusundersøkinga viser at sosialfagstudentane gjennomgåande er mindre nøgde med den fysiske infrastrukturen enn gjennomsnittet for alle studentane ved Høgskulen i Volda som svarte på undersøkinga. Dette gjeld til dømes tilgang på lesesalplassar, grupperom og arbeidsplassar med tilgang til PC i tillegg til inneklima på lesesal/pc-rom, grupperom og forelesningssal. (Nifu Step 2007:15-16)

Ein del av forklaringa på dette er truleg generelt at bygningsmassen sosialfagstudentane nyttar no er forholdsvis gamal og lite oppdatert. Dette bør derfor ligge som eit bakteppe i tolkinga av resultatata over og også når vi i vår undersøking har hatt samtalar med studentane. Fleire av ”våre studentar” uttrykker denne forklaringa også eksplisitt.

Når vi går nærare inn på kva som er størst problem for studentane, viser det seg at langt dei fleste trekkjer fram at forelesingsromma både på Aasen og på Strøm generelt ikkje fungerer godt nok. Dei peikar både på at inneklimaet er dårleg og at møblering og plassering ikkje fungerer tilfredstillande. Dette gjeld i størst grad forelesningssalane. Samstundes vert det peika på at klasseromma ikkje er ideelle for så mange studentar. Når studentane vert spurde om kva som ville vere det viktigaste for å betre det fysiske arbeidsmiljøet ved høgskulen svarar 5 av åtte at utbetring av forelesningslokala på ulike måtar vil vere det viktigaste.

Tre nemner også at fleire grupperom er svært viktig. Når det gjeld tilgang til PC-ar og datarom, er det ulike syn. Nokre synest dette fungerer bra, medan andre meiner dette er eit problem. Inneklima vert elles også nemnt som eit generelt problem. Ein kantine, eller i alle fall ein plass å setje seg ned å ete og drikke på Aasen/Strøm vert også etterlyst.

Administrasjon og informasjon

Data frå Nautilus – undersøkinga i april 2007 viser at 41 prosent⁵ av avgangskullet meinte at studiet var prega av mykje administrativt rot (mot 25 prosent ved dei andre høgskulane). På den andre sida meiner 31 prosent⁶ at informasjon og beskjedar om studieopplegget vert formidla på ein effektiv måte. 21 prosent av sosialfagstudentane ved andre høgskular meiner det same.

Omgrepet ”mykje administrativt rot” synest å vere svært tvitydig. Dette kom klart fram under intervjuua. Intuitivt vert informasjon knytt til administrasjon. I intervjuua kom elles svært ulike tema opp når informantane vart spurde om synspunkt på administrative rutinar:

- Ulik praksis knytt til rettleiing.
- Manglande informasjon når undervisninga vert avlyst.
- Studieplanar kom for seint.
- Manglande og for sein informasjon om praksis.

Ein av dei tidlegare studentane spurde då også kva vi meinte med spørsmålet.

⁵ Prosentvis andel som har kryssa av for dei tre mest positive alternativa på ein sjudelt skala frå ueinig til einig.

⁶ Svaralternativ som over.

I vårt datamateriale er det svært ulike syn på korleis informasjon og administrative rutiner generelt fungerer. Medan nokre meiner det fungerer bra, meiner andre at det var ”ganske mykje rot”.

”For oss studentar virka det som det var dårlig kommunikasjon mellom dei som jobba på instituttet. Det var litt tilfeldig kva som skjedde. Dei visste ikkje om kvarandre. Forelesingsrekkene var lite gjennomdiskuterte. To forskjellige forelesarar føreleste om det same..... Dårlig kommunikasjon mellom dei fagleg tilsette.”

At alle studentar i det store og heile ikkje er nøgde med informasjonen dei får er ikkje overraskande. Generelt vil det i alle organisasjonar og dei aller fleste samanhengar vere mange som føler behov for meir informasjon. Det betyr sjølvstakt ikkje at ein ikkje skal forsøke å bli betre på dette. Av kategoriane saker som studentar har teke opp på fagutvalsmøte (Haust 2003 – vår 2008) er det aller flest saker som er lagt innunder kategorien ”informasjon”. Desse kan vise kva som ikkje fungerer, og er lista opp under.

Fagutvalsmøte som har behandla tema ”Informasjon” i perioden haust 2003 – vår 2008	
04.des.03	Fremdeles ikke beskjed via mail fra instituttet (uklart om hva).
04.des.03	Ikke klarsignal om studietur.
03.nov.04	2. år: Dårlig informasjon i forbindelse med prosjektpraksis. Ikke god, og sprikende. Gjelder trolig vurderingskriterier for karaktersetting av prosjektarbeid.
03.nov.04	Mulighet for å legge ut pensum før skolen starter.
08.des.04	2. år: Informasjon i forbindelse med prosjektpraksis. (Praksisrapport?) Omfang og tilbakemeldinger.
02.feb.05	3. år: Kompendium bør være klar til semesterstart.
27.apr.05	3. år: IS har blitt gode å bruke Class Fronter. Peker på to ting: Informasjon på Class Fronter må være korrekt og fjerne gammel informasjon.
30.nov.05	1. år: Informasjon om neste semester. Semesterplan ikke ferdig før 20. desember.
15.feb.06	2. år: Informasjon om klientpraksis.
15.mar.06	Informasjon om obligatorisk undervisning og fravær.
15.mar.06	2. år: Manglende sosionomplan ved semesterstart.
07.feb.07	2. år: Ønske om informasjon om praksisplassene og søknadsfrist for praksisstudium i utlandet. Dette ville bli tilgjengelig.
17.okt.07	Usikkerhet rundt regelverk og retningslinjer ved eksamen og obligatorisk nærvær.
17.okt.07	Informasjon: Bra hvis det kunne være både muntlig og skriftlig informasjon om ulike saker.
19.feb.08	2. år: Fornøyd med tidlig informasjon angående praksis.
19.feb.08	Fornøyd med informasjon om Kenya og India, manglende informasjon om Storbritannia og Norden ellers. Utenlandspraksis.
24.apr.08	2. år: Ensidig informasjon om Kenya og India i forhold til studentpraksis.
24.apr.08	Misnøye angående kommunikasjon mellom instituttet og studentene, beskjeder som ikke blir gitt eller kommer for sent.
24.apr.08	3. år: Tidligere informasjon om hva en bacheloroppgave går ut på.

Det er vanskeleg å finne nokon klar fellesnemnar, men det kan sjå ut som spørsmål knytt til praksis av ulike slag går igjen. Dersom planar og kompendium ikkje er klare til studiestart syner det også igjen på fagutvalsreferata.

Tala frå Nautilusundersøkinga viste også at sosialfagstudentane ved HVO er meir nøgde med informasjonen enn ved andre høgskular, samstundes som dei meiner det er meir administrativt rot enn andre stader. Dette verkar noko motstridande sett i lys av den klare samanhengen mellom dei to omgrepa, skissert over. Kva er grunnen til dette?

Det er vanskeleg å gi noko eintydig svar ut frå vårt datamateriale. Dersom vi ser på referata frå fagutvalsmøta frå hausten 2003 – våren 2008, toppar tre kategoriar lista over tal registreringar: Informasjon (som lista opp over), organisering av undervisninga og rettleiing. Kanskje ligg noko av forklaringa nettopp her. I tillegg til ulike spørsmål rundt informasjon som vist i tabellen over, kan det vere at problem knytt til rettleiing og organisering av undervisninga skaper eit inntrykk av administrativt rot.

I våre intervju trekkjer fleire fram at studiekoordinator har vore flink å halde i trådane. Classfronter verkar også som den fungerer godt som informasjonsformidlar. Kanskje er dette noko av forklaringa på at studiet skårar høgare enn dei andre høgkulane på informasjon. Eller kanskje har ein av informantane eit poeng når ho antyder at problema ligg i skjeringsfeltet mellom det administrative og det faglege personalet:


”Dei som var ansvarlege for fagemna var ikkje flinke til å kommunisere inn i organisasjonen.”

Ein annan av studentane støtter oppunder begge desse poenga. Ho var ikkje nøgd med informasjonstraumane på studiet og meinte at informasjonen ofte var motstridande og uklar. Ho sakna kommunikasjon mellom forelesarar og mellom forelesarar og administrasjon. Når vi går konkret inn på at studentane generelt, i forhold til andre høgskular, er positive til at ”informasjonen vert formidla på ein effektiv måte” peiker ho på sjølve formuleringa av spørsmålet. Både Classfronter og andre måtar å formidle informasjon på kan framstå som ”effektive”. Problemet er at informasjonen ofte ikkje er konsistent, meiner ho.


Opptak, stryk og fråfall

Vi skal i dette kapittelet sjå nærare på nokre tal knytt til opptakspoeng, stryk, fråfall og karakterar.

Aukande stryk- og fråfallsprosent



Figuren viser utviklinga av strykprosent frå 2004-2008 for ulike årskull av sosionom- og barnevernspedagogstudentar. Gjennomsnittleg fråfallsprosent for dei ulike årskulla er markert med svart line. Kjelde: Institutt for sosialfag.



Figuren viser utviklinga av fråfallsprosent frå 2004-2008 for ulike årskull av sosionom- og barnevernspedagogstudentar. Gjennomsnittleg fråfallsprosent for dei ulike årskulla er markert med svart line. Kjelde: Institutt for sosialfag.

Tabellane over viser stryk- og fråfallsprosent for dei ulike kulla frå 2004 – 2008. Dei to samsvarar mykje, men er rekna ut på to forskjellige måtar: Strykprosenten er rekna ut frå talet kandidatlar som møter til eksamen. Fråfallsprosenten er berekna ut frå tal studentar som har sagt ja til studiet og registrert seg hausten opp mot tal studentar som har stått til eksamen

påfølgjande vår. Både dei som stryk til eksamen og dei som fell frå av andre grunnar etter registrering er dermed inkluderte i fråfallsprosenten.

Det ser ut til å vere tre generelle trekk ved stryk og fråfall på studiet:

1. Både strykprosent og fråfall ser generelt ut til å ha auka over tid. Alle årskulla har høgare stryk- og fråfallsprosent i 2008 samanlikna med 2004. I 2008 var det svært stort fråfall mellom studentane. Heile 23 prosent av dei som starta med bachelor i sosialt arbeid i fjor fullførte ikkje første året. Tala for 2. året er 12 prosent og 3. året 9,5 prosent. Tilsvarende tal våren 2004 var på 12, 8 og 8 prosent.
2. Stryk- og fråfallsprosent ser etter kvart ut til å ha større svingingar innafor same årskull. Spesielt framtrekkande er BVP 2 som i 2007 hadde ein strykprosent og fråfallsprosent på 39,5 prosent medan same årstrinn i 2008 berre hadde strykprosent på 4,9 prosent og fråfallsprosent på 7,1 prosent.
3. Stryk- og fråfallsprosent ser ut til å sprike meir mellom dei ulike årskulla og mellom barnevernspedagog og sosionomstudiet. Medan alle årskull og begge retningane låg mellom 6 og 15 prosent fråfall i 2004 og fire av dei fem hadde mellom 6 og 10 prosent fråfall, varierer fråfallsprosenten mellom 7 og 30 prosent i 2008. Liknande utslag ser vi i 2007 og 2006. Det er ulike årskull og studieretningar som skil seg ut for kvart år.


Dersom vi ser nærare på strykprosenten ved SOS3 og BVP3 viser det seg likevel at studentane i Volda kjem godt ut både i forhold til gjennomsnittet ved statlege høgskular (alle studium) og gjennomsnittet ved høgskulen i Volda. Tabellen under viser dette.

Tabellen under viser strykprosent for avgangskullet for barnevernspedagogar og sosionomar samanlikna med statlege høgskular totalt og for Høgskulen i Volda totalt. Kjelde: Tala for statlege høgskular totalt og for Høgskulen i Volda totalt er henta frå NSD sin Database for statistikk for høgare utdanning (DBH). Tala for BVP3 og SOS3 er henta frå institutt for sosialfag.

	2004	2005	2006	2007
Statlege høgskular	8,2	8,4	8,7	8,4
Høgskulen i Volda	5,7	7,2	6,4	5,9
BVP3	5,3	2,2	4,2	7
SOS3	6,7	3,9	8,7	1,8

Studentmassen er i endring

Poenga for opptak til høgare utdanning (utan tilleggspoeng) vert rekna ut ved å legge saman karakterane knytt til alle relevante fag, dele på tal fag og deretter gange med ti. Dette betyr at opptakskravet 30 tilsvarar ein gjennomsnittskarakter frå vidaregåande skule på 3.



Figuren viser poenggrense ved hovudopptak for primær- og ordinæropptak åra 2004-2007. Poenggrensa for 2008 er ikkje klare, men studia er i prinsippet opne. For primæropptaket vil berre karakterar frå vidaregåande skule gjelde. For ordinæropptaket vert tilleggs poeng lagt til karakterane. Kjelde: Tal frå samordna opptak.

Figuren over viser korleis poenggrensa for opptak til bachelor i sosialt arbeid har endra seg i løpet av kort tid. Ein student som kom rett frå vidaregåande skule i 2004 (primæropptak) måtte ha nærare 4 i gjennomsnitt for å kome inn på bachelor i sosialt arbeid. Same studiet er i 2008 i praksis eit ope studium. Alle studentane som søkte kom inn. I teorien treng dermed studenten berre å ha bestått alle fag (talkarakter 2, 20 poeng) for å kome inn på studiet.

Nautilusundersøkinga viser også at studentane på første året i bachelor sosialt arbeid 2007 har svært høg andel studentar der ingen av foreldra har høgare utdanning (62 prosent). Det er klart høgare enn for engelsk årsstudium og journalistikk og noko høgare enn for skuleretta samfunnsfag (50 prosent) (Nifu Step 2007:2).


Begge momenta over gir eit bilete av studentmassen studiet skal handtere. Studentane vil truleg no ha eit mindre solid fagleg fundament enn tidlegare. Samstundes er det grunn til å tru at fleire "endar opp" med dette studiet fordi dei kjem inn, og dermed har mindre klare målsetjingar og motivasjon for studiet. Det store fråfallet og høg strykprosent på førsteåret i 2008 kan heilt eller delvis vere eit resultat av denne sterke endringa i studentmassen, men vi har ikkje gått inn og sett direkte på samanhengen mellom opptakspoeng og strykprosent eller fråfall.

Tabellen viser tal studentar som har bachelor i sosialt arbeid, sosionom- og barnevernspedagogstudiet ved høgskulen i Volda som førsteval når dei søker inntak til høgare utdanning. Kjelde: Tal frå samordna opptak.

	2005	2006	2007	Endring 2005 - 2007
BVP1	68	64	59	-13 %
SOS1	89	80	61	-31 %

Tabellen over viser endringa i tal søkjarar som har studiet ved høgskulen i Volda som sitt førsteval. Tala underbyggjer antakinga om at fleire "endar opp" på studiet. Endringane samsvarar med generelle trendar, der studentar i aukande grad søker seg til studium i byane.

Førebels har ikkje dette slått negativt ut på andelen studentar som har fått høgste karakter på studiet. Figuren under viser at andel studentar med karakter A snarare har auka dei siste åra. Det er likevel for tidleg å seie noko om korleis senkinga av karakterkrav til studiet vil slå ut, sidan kullet som gjekk ut i 2008 starta i 2005 – før karakterkravet for å kome inn gjekk drastisk ned.



Figuren over viser prosent av eksamenskandidatane ved bachelor i sosialt arbeid (barnevernspedagog- og sosionomstudiet) med avgangskarakter A 2004-2008. Kjelde: Institutt for sosialfag.

Gjennomsnittskarakteren har dei siste åra ligge stort sett på C, men også på B. Sensorane vi har vore i kontakt med har retta bacheloroppgåver frå fleire høgskular, men seier at Volda ikkje utmerkar seg med spesielt dårlege prestasjonar.

Råd til Institutt for sosialfag

Når informantane fekk høve til å gi, først eitt, så to råd til til Bachelor – utdanninga ved Institutt for sosialfag, fekk studiet desse råda:

Student 1:

1. Styrke det barnefaglege fokuset.
2. Meir oppdeling mellom barnevern og sosionom.
3. Meir undervisning og fordjuping i mindre grupper.

Student 2:

1. Rettleiing er største mangelen på institutt for sosialfag.
2. Forlang at dei som har vore ved høgskulen i mange år skal ut og hospitere.

Student 3:

1. Få inn ein praksisperiode tidlegare.
2. Gjere prosjektpraksis mindre både i forhold til tid og karakterar.

Student 4:

1. Må bli flinkare til å få diskusjonar i forelesingane.
2. Få inn ein kortare praksis på 2. året.

Student 5:

1. Bli betre på informasjon. Dårleg informasjon skaper frustrasjon og sinne.
2. Kome med fleire eksempel frå egne erfaringar i undervisninga.

Student 6

1. Det må rettes mest mot studentene. Studiet er lagt godt opp. Studentene må ta mest ansvar. Slik jeg oppfattet kullet jeg var på, var det der det skortet mest.
2. Administrativt rot, holder seg til det som blir bestemt og det studentene har fått formidlet.
3. Gjøre noen grep for å minske avstand mellom teori og praksis. Mer observerende diskusjoner. Må ikke gå på bekostning av teorien man skal lære.

Student 7:

1. Klarare informasjon.

Student 8:

1. Ha praksis i 1. eller 2. klasse også. Mange sluttar fordi dei ikkje veit kva dei går til.
2. Dele klassa heilt frå starten i fleire små. (Dele sosionom og barnevern meir).

Sensor 1:

1. Den generelle utfordringa er koplinga mellom teori og praksis.

Sensor 2:

1. Revurdere om ikkje det burde vere to praksisperiodar.

Praksisrettleiar 1:

1. Rettleie studentane, lære dei opp i kva læringsmål er.
2. To praksisperiodar.

3. Kutte ut at studentar skriv om forventningar til arbeidsplassen. Studentane skyt over mål.

Praksisrettleiar 2:

1. Noko innanfor yrkesetikk. Bevisstgjeriing av dette i studiet.
2. Meir informasjon (til praksisrettleiarar) om kva det vert lagt vekt på av pensumlitteratur for å førebu praksis.

Om vidare kvalitetssikring av studiet

Som nemnt i innleiinga er denne evalueringa ei pilotundersøking. Eit overordna inntrykk etter datainnsamlinga er at Institutt for sosialfag er svært flinke til å gjennomføre evalueringar og samle inn informasjon. Det kan likevel sjå ut som instituttet ikkje har rutinar for å samanhalde innsamla data. Det er i arbeidet avdekka mange moglegheiter for instituttet til å byggje opp eit kontinuerleg kvalitetssikringsarbeid med basis i det instituttet allereie gjer og dermed med forholdsvis små ekstra ressursar. Vi vil punktvis nemne nokre av desse under.

1. Det vert allereie no gjort studentevalueringar av dei ulike kursa ved avslutninga av semesteret. Desse kan vere svært nyttige for kursleiar for å sjå kva som fungerer og ikkje. Desse kursevalueringane har svært ulik form, og det gjer at dei er vanskelege å nytte til å skape eit heilskapeleg bilete. Ved samstundes å ha kursspesifikke og meir generelle, standardiserte spørsmål til studentane er det mogleg å samle inn data som kan nyttast for å samanlikne ulike kurs og for å sjå studiet meir i heilskap.
2. Studdatamaterialet vert samla inn over lang tid. Dette gir høve til å sjå på endringar både i studentmassen og i studentane si oppfatning av studiet over tid. Framover vil det vere svært interessant å sjå på korleis desse endringane slår ut i forhold til utdanningane i byane. Som korrektiv og spore til handling vil moglegvis endringar i Volda over tid vere vel så interessant. Dette gir moglegheiter på meir regelmessig basis å følgje med utviklinga i studiet. Data frå Nautilus kan også nyttast til eit slikt formål. Er det mogleg å etablere rutinar for ei slik oppfølging?
3. Det er mogleg med forholdsvis liten innsats å følgje utviklinga av studentmassen ved studiet over tid. Ved opptak vert det registrert både kjønn, alder, karakterar, bustad og så vidare for studentane. Ved noko ekstra innsats er det også mogleg å finne ut kven som fell frå. Som nemnt tidlegare, ser det ut til at studiet framover vil få ei noko endra studentmasse. Det kan vere føremålstenleg å etablere rutinar for å følgje med på målgruppa over tid. Det kan gjere det enklare å justere studieopplegg og å hindre fråfall. I tillegg har dette eit marknadsaspekt: Kven skal studiet ut og rekruttere?
4. Fagutvalsmøta representerer eit potensielt kontinuerleg korrektiv til utdanninga som heilskap. Referata frå møta viser at det er saker som går igjen over tid. Vi tek dette som eit teikn på at dette er reelle utfordringar for studiet i Volda. Vi veit at det ligg mange praktiske hindringar for å gjennomføre endringar, men dersom det er viktige saker, er det truleg verdt å nytte sjansen til å leite etter nye løysingar. Samstundes er det i fagutvalsmøta og også i intervjuva vi har gjennomført, klaga over at studentane føler dei ikkje vert tekne på alvor. Korleis vert sakene i fagutvalet handtert? Vert innhaldet vidareformidla til personalet? Det ligg eit potensial i dette kontaktpunktet som er viktig å nytte for å justere kurs i studiet.

Referanseliste

Nifu Step (2007): Nautilus. Nasjonal undersøkelse om trivsel, innsats, læringsmiljø og undervisning blant studenter. 2007 Høgskulen i Volda.

Vik, Lars Jørgen (2008): *Korleis har og tar sosialarbeiderstudentane det? Ein analyse av Studdatamaterialet, fase 3.2. Studieprogramevaluering – bachelorstudia i sosialt arbeid.* Institutt for sosialfag. 30. september, 2008.

Vedlegg1: Intervjuguide for studentar og tidlegare studentar som er yrkesaktive

Bakgrunnsdata

1. Namn.
2. Alder.
3. Karakternivå i studiet (henta inn på førehand).
4. Til yrkesaktive: Noverande stilling og innhald i stillinga.

Val av studieplass

5. Kvifor valde du å ta sosialfag ved høgskulen i Volda?
6. Kva hadde du høyrte om studiet frå andre før du starta ved høgskulen?
7. Var det du hadde høyrte om studiet avgjerande for valet?
8. Til yrkesaktive: Kor lang tid tok det etter studia før du fekk deg fast jobb? Kvifor?
9. Til yrkesaktive: Fekk du i søknadsprosessen inntrykk av at studiet var kjend?

Tilpassing av studium til livssituasjon

10. Kan du seie litt om din livssituasjon då du studerte?
 - Var/er du gift/sambuande i studietida?
 - Har/ hadde du born i studietida?
 - Kvar budde/bur du? Kvifor valde du det?
 - Hadde/har du arbeid ved sidan av studia?
11. Korleis påverka din livssituasjon studiesituasjonen?
12. Korleis var/er studiet tilpassa din kvardag?
 - Kva fungerte/fungerer bra?
 - Kva fungerte/fungerer ikkje så bra?
 - Kvifor?
13. Korleis treivst/trivst du i det sosiale miljøet ved høgskulen og på faget? Kvifor? Kva var bra, kva kunne vore annleis?

Fysisk miljø og administrasjon

14. Kva synest du om det fysiske arbeidsmiljøet ved studiet?
 - Inneklima
 - Klasserom/grupperom
 - PCar
 - Anna?
15. Kva ville etter di meining vere det viktigaste for å betre det fysiske arbeidsmiljøet?
16. Kva er ditt syn på dei administrative rutinane ved instituttet? Kva fungerer/fungerte bra? Kva fungerer/fungerte mindre bra?
17. Korleis fungerte/fungerer informasjonsstraumane ved studiet? Kva fungerte/fungerer bra? Kva fungerte/fungerer ikkje så bra?
18. Korleis fungerer ClassFronter i denne samanheng? (Til spreing av informasjon?)

Undervisninga

19. Kva ser du på som dei sterke sidene til undervisninga ved sosionom/ barnevernstudiet?
 - Fagplan
 - Praksis
 - Lærarar

- Undervisningsopplegg
 - Eksamen
 - Rettleiing
20. Kva ser du på som dei svake sidene ved undervisninga ved sosionom/barnevernstudiet?
- Fagplan
 - Praksis
 - Lærarar
 - Undervisningsopplegg
 - Eksamen
 - Rettleiing
21. Til yrkesaktive: Vurderte du undervisninga annleis då du var student enn det du gjer no? Kvifor? Til studentar: Har vurderinga av undervisninga endra seg i løpet av studietida? Kvifor?
22. Brukte/bruker du å møte opp på førelesingar og til undervisning? Kvifor? (Kva var grunnen dersom du ikkje møtte opp?)
23. Nyttar du ClassFronter? Korleis?
24. Korleis påverka/påverkar bruken av ClassFronter din studiekvardag?

Resultatmål i høve til måla i rammeplanen

25. Kva ser du som dei viktigaste kunnskapane du trenger for at du skal kunne utøve ditt yrke på ein god måte?
26. Kva ser du som dei viktigaste ferdigheitene du trenger for at du skal kunne utøve ditt yrke på ein god måte?
27. I kva grad og på kva måte har du gjennom studia ved Høgskulen i Volda utvikla det du meiner er dei viktigaste kunnskapane og ferdigheitene nemnt over?
28. I kva grad meiner du at sosialfagstudiet ved Høgskulen i Volda har bidrege til å utvikle følgjande kunnskar og ferdigheiter hos deg: (1) I stor grad, (2) i nokon grad, (3) i liten grad, (4) ikkje i det heile, (5) veit ikkje)

Kunnskarar om relevante forvaltningsprinsipp, lover og forskrifter.	
Kunnskap om sosialpolitikk.	
Kunnskap om barne- og ungdomspolitikken.	
Kunnskarar om hjelpeapparatet og korleis nytte det.	
Kunnskap om korleis planleggje og organisere tiltak i samarbeid med og for brukarar.	
Korleis forstå og arbeide med menneske som har anna bakgrunn enn deg sjølv.	
Evna til å kommunisere	
Evne til å dra nytte av andre yrkesgrupper og tverrfagleg samarbeid.	
Evna til å nytte ulike arbeidsmåtar og ta i bruk nye arbeidsmåtar.	

Evna til å utvikle deg fagleg.	
--------------------------------	--

Kommentarar til svara over:

Overordna vurdering

29. Var/er du nøgd med eigen innsats og karakterar i studiet? Dersom nei: Kva var grunnen?

30. Dersom du skulle gi eitt råd til utdanninga for at den skulle fungere betre, kva ville det vere? (Få fram også prioritet nummer to og tre.)

Vedlegg 2: Intervjuguide sensorar

Bakgrunn

1. Namn
2. Institusjon og stilling.
3. Fagområde
4. Sensor i kva fag?
5. Sensor på kva årstrinn?
6. Er du også sensor for andre liknande studium?

Om innhaldet i studia i Volda

7. Korleis vurderer du spørsmålstillinga i eksamensoppgåvene samanlikna med tilsvarande ved andre studium? (Vert det lagt vekt på spesielle forhold ved høgskulen i Volda?)
8. Korleis vurderer du eksamenssvara du har sensurert i forhold til eksamenssvar ved andre høgskular?
 - Styrke?
 - Svakheiter?
9. Korleis ser du på studia i Volda samanlikna med liknande studium andre plassar?
 - Styrke?
 - Svakheiter?
10. Dersom du meiner du har grunnlag for å seie noko: Korleis vurderer du generelt nivået på studentane ved Volda samanlikna med andre høgskular?
11. Skulle du gi eitt eller fleire råd til utdanninga i Volda, kva skulle det vere?

Vedlegg 3: Intervjuguide praksisrettleiarar

Bakgrunn

1. Namn
2. Institusjon og stilling.
3. Fagområde
4. Praksisrettleiar i for kor mange frå høgskulen i Volda?
5. Har du vore rettleiar for studentar i praksis frå andre høgskular? Kven?

Om innhaldet i studia i Volda

6. Kva ser du som styrke og svakheiter ved studentar frå høgskulen i Volda?
 - Fagleg
 - Sosialt
7. Korleis vurderer du studentane du har hatt i praksis i forhold til studentar frå andre høgskular?
 - Styrke?
 - Svakheiter?
8. Korleis ser du generelt på det å ha to praksisperiodar i staden for ein? Kva måtte til for å få dette til frå dykkar side?
9. Skulle du gi eitt råd til utdanninga i Volda, kva skulle det vere? (Få også fram 2 og 3).